

Kjære veljarar

No har Venstre hatt 4 nye år i lokalpolitikken på Tysnes, me har fått vera med på å avgjera mange av dei store sakene i perioden som har vore. Me er glade for at me har sett vårt stem-pel på mange av dei vedtaka som har vore gjort, vedtaket om å byggja ny sjukeheim, at me hindra flytting av 5-6 klassen frå Onarheim, og at me skal utbetra Tysnes skule, at Tysnes kommune har snudd i kyststamvegsaka.

Tysnes treng Venstre for å sjå til at desse sakene blir gjennomført!

Når eg takka ja til ein ny periode som listetopp for Tysnes Venstre, er det fordi eg meiner Venstre har noko viktig å bidra med i Tysnessamfunnet. Eg meiner me kan gjera Tysnes betre. At me kan gjera Tysnes betre rusta for den tida som kjem.

Eg har sjølv vore igjennom ein spennande periode med utviklinga på Haaheim, det har vore lærerikt å jobba opp ei slik bedrift i Sunnhordland. Eg er nok ein person som bestemmer meg for kva eg vil gjera, for så gjennomføre mine mål. Eg kjem frå ein familie som er sjølvstendig næringsdrivande og som alltid har vore aktive i lokalpolitikk og organisasjonsliv, det ligg i blodet å skapa noko, det er ein sjølvstøtt ting å ta ansvar. Det har alltid vore ein sjølvstøtt ting å stå oppreist og kjempa for det ein trur på.

Eg er Venstre sin ordførarkandidat, for eg har gjennomføringsevne og ståpåvilje til å vere med på å forma eit betre Tysnes. Eg trur Tysnes treng nokon som kan tenkja nytt, nokon som er utolmodig for at ting skal bli gjort.

Det finst to typar politikarar. Dei som vedlikeheldt og vil ha alt som før, og dei som set nye mål og vågar å satsa. Ein kommune har ulike behov til ulike tider, men no treng Tysnes politikarar som ser framover og gjennomfører dei mål som er sett. Dei neste fire åra treng Tysnes ein igangsettar, ein som vågar å losa oss inn i nye farvatn.

Ei stemme på Venstre, er ei stemme på nyskaping og ein innovativ kommune-politikk.

Ei stemme på Venstre er ei stemme på eit samfunn med enkeltmenneske i sentrum.

Eg vil ynskja veljarane lukke til med valet, og vonar at ein vågar å satsa.

Stem Venstre, stem på Tysnes!

Torstein Hatlevik
Ordførarkandidat for Venstre på Tysnes



Program for Tysnes Venstre 2011-2015

Samferdsle

- Framleis ha stort press for å få realisert ferjefri kyststamveg over Tysnes
- Jobba vidare med bru til Huglo
- Direktebuss Haljem- Bergen
- Pendlarbuss til Stord. Jobba for miljøvennlig bilbruk privat og kommunalt
- Auka press for å betra vegane i kommunen
- Sikra gode vilkår for vidare drift av snøggåten frå Malkenes
- Jobba for gangveg Uggdal- Våge
- Realisering av gangveg i Uggdal
- Jobba for utbetring av Holmalio

Næring og samfunn

- Arbeida for at Tysnes skal bli ein foregangskommune for alternativ næringsutvikling på gardsbruk

- Stimulera til nyskaping i eksisterande bedrifter
- Tilrettelegging for nyetablering
- Jobba for å skapa nye arbeidsplassar, særskild for dei med høgare utdanning
- Tiltak for å byggja merkevara Tysnes
- Marknadsføringstiltak for Tysnes
- Gjere landbrukssjefstillinga om til ei stilling for næring og turisme
- Styrka entreprenørskap i skulen og stimulera til meir kontakt mellom skule og næringsliv
- Løfta fram grunderane, slik at me skapa nye og spennande arbeidsplassar på Tysnes

Oppvekst og omsorg

- Tydeleg fagleg innhald i skulen
- Trygga skulevegane på Tysnes

- Fylgja opp vedteken skulebruksplan
- Gjennomføre vedtaket om bygging av ny sjukeheim
- Prioritera eldreomsorga
- Styrka heimetenesta
- Styrka kompetansetiltak for fagpersonalet i kommunen

Kultur

- Leggja til rette for at kulturskulen kan utvikla større breidde i tilbudet til innbyggjarane
- Støtta rusfrie tiltak for born og unge
- Styrka frivillige lag og organisasjonar
- Sikra vidare støtte til Tysnesfest og andre kulturarrangement i kommunen
- Skapa større kontakt mellom kultur og næringsliv, kultur er ei stor vekstnæring i norge

Kommune

- Offentlege kontor skal ha ope ein laurdag i månaden, slik at opningstidene vert meir brukarvennlige
- Kommunestyre må verta det politisk styrande organ
- Lettare og byggja utanfor etablerte bustadområder
- Sikra open saksgong i kommunen
- Styrka interkommunalt samarbeid
- Sikra at eigedomsskatten berre går til investeringar, venstre vil ikkje auka denne i komande periode
- Meir ressursar til saksbehandling, slik at saksgangen tek kortare tid

Miljø

- Tysnes må bli ein kommune som garanterer at varer og tenester dei kjøper kjem frå «rettferdig handel».
- Leggja til rette for miljøvennlig energi
- Miljøretta kommunepolitikk

Turisme

Turisme er ei næring med stort vekstpotensiale på Tysnes, me skal leggja til rette for at denne skal utviklast i kommunen.

Våre kandidatar:

- 1 **Torstein Hatlevik** (38 år)
- 2 **Arve Belt** (40 år)
- 3 **Therece Bratland** (41 år)
- 4 **Vigdis Frugård Tvedt** (54 år)
- 5 **Anette Johannesen Haugsgjer** (36 år)
- 6 **Knut Skorpetveit Aga** (41 år)
- 7 **Britt Evelyn Godøy** (64 år)
- 8 **Linbjørg Lunde** (66 år)
- 9 **Bjarne Lunde** (72 år)

Venstre er eit parti for heile Tysnes, me har vore tydelege på kva me vil og kvifor me tek våre standpunkt. Me har vist stor gjennomføringsevne for mål me har sett oss, og er klar for å kjempa vidare om me får fornya tillit frå våre veljarar. Ei stemme på Venstre er ei stemme på eit framtidretta samfunn, eit samfunn med menneske i sentrum.



hjertesak. Hugs at Venstre er eit parti for heile Tysnes.

Arve Belt, listeplass 2



Ressursar og kompetanse til å gje eldre eit verdig tilbod når dei treng det, er den viktigaste kampsaka for meg. Me lyt ha ein meir heilskapleg tankegang når me set saman omsorgstilbod. Eldreomsorga har knappe ressursar til å løysa dei oppgåvene dei har, dette vil etter kvart gå utover brukarane om me ikkje gjer noko no. Eg er med i Venstre for det er det partiet som set enkeltmennesket først. Det er det partiet som vil jobba sterkest for eit varmare og meir inkluderande samfunn.

Therece Bratland, listeplass 3



Å rekruttera helsefagarbeidarar er ei utfordring for mange kommunar i dag. Å kunna tilby eit nytt og funksjonelt omsorgssenter med ulike helsetilbod samla på ein plass, ville føra til eit samla fagmiljø og utfordrande arbeidsoppgåver, som igjen vil letta rekrutteringa, og få unge til å flytta til kommunen. Dette fortener både dei tilsette og brukarane av desse tenestene.

Vigdis Frugård Tvedt, listeplass 4



Eg vil tilretteleggja for og stimulera til meir samarbeid og utveksling mellom næringsliv og skule, mellom anna gjennom Ungt Entreprenørskap. Entreprenørskap i skulen kan bidra til auka trivsel og motivasjon. Ved å jobba med entreprenørskap får elevane ei praktisk tilnærming til ulike fag. Dette er noko mange elevar saknar og ynskjer seg meir av. Ein god og inkluderande skule tar dette på alvor. Me er heldige som bur i ein region kor det finst både kompetanse og vilje til å utnyttta ressursane i forholdet mellom skule og næringsliv. Det bør me nytta oss av.

Anette Haugsgjer, listeplass 5



venstre